



Roger Hartveit  
5283 FOTLANDSVÅG

Dykkar ref.:  
RH

Vår ref.:  
01/40-139 KJB

Arkiv:  
N-101.4

Lonevåg  
24.08.05

## KOMMUNEDELPLAN HAUGE - STEINKNUSEVERKET PÅ VEVLETVEIT

Viser til møte og synfaring på steinknuseverket på Vevletveit den 20.05.05.

Konklusjonen etter synfaringa og møte med fylkemannen si miljøvernavdeling var at vi no må få ei oppstart på reguleringsarbeidet med steinknuseverket og arealet på nordsida av RV567 mot Borgvatnet, som skal først tilbake til LNF-område.

I tillegg vart det nemnd at det må monterast ein låsbar bom på nordsida av RV567 slik at ein kan hindra at uvedkomande nyttar arealet som fyllplass.

Referat frå synfaring og møte blei send ut til alle møtedeltakarane (Ref: 01/40-118).

Det vart deretter send ut innkalling til Dykk om å delta i eit avklaringsmøte på rådhuset den 27.06.05 for å drøfta ny konsesjon og oppstart i samband med reguleringsplanen.

De møtte ikkje opp i møtet som til tross for det, vart halde med underskrivne, ordførar, rådmann, kommuneplanleggjar og sekretær.

I møtet blei det drøfta konsesjonen og konsesjonsvilkåra, kva reguleringsplanen skal innehalde og tidsperspektivet.

Referat frå møtet blei send ut til alle møtedeltakarane og kopi til Dykk (Ref: 01/40-135).

I ettertid har underskrivne vore på synfaring i området og vurdert ny avgrensing av planområdet i samband med oppstart i reguleringsarbeidet.

./ Forslag til planavgrensing ligg ved.

I samband med reguleringsarbeidet er viktig at De no nyttar ein konsulent som er fagkunnig og som kan utføre planarbeidet i samsvar med miljøverndepartementet sin rettleiar for reguleringsplaner og bebyggelsesplaner.

**Vi ber om at De snarast mogleg kjem med ei bestilling på ein førehandskonferanse for oppstart av planarbeidet der konsulent deltek.**

Bestillinga må innehalde opplysningar om:

- Føremål
- Stad (g/b nr.)
- Namn på planfremjar
- Utnytting (skisser/teikningar)
- Framdrift

Med helsing

  
Kjell J. Brun

plan- og utviklingssjef

Kopi til: Aud Raknem, kommuneplanleggjar